

KYRKJEBBLAD

61. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1/2007

Påske



Afrika i fokus
-konsertar

Langfredags-
gudstenesta
kjem på radio

Om
Fasteaksjonen

Tone på tur
Takk for flygelet
Notisar og
arrangement

A photograph of a woman with long blonde hair, wearing a white jacket, holding a purple bucket labeled "KIRKENS NØDHJELP". She is standing next to a decorative tree made of flowers and leaves.

Ta godt imot bøsseberarane 27. mars

Støtt Kirkens Nødhjelps aksjon i fastetida.
Mange menneske lever i kriser som verda overser.
Dei har rett til å bli sett.

Er du med?

Du kan også gje kr 175,- ved å ringje 820 44 088
eller nytte giro 1594 22 87493

FOR GLEM MËGEI

www.kirkensnadhjelp.no/fasteaksjonen

KIRKENS
NØDHJELP

Fasteaksjonen 2007 - eksjonsdag 27. mars
lokale virksomheter

VAKSDAL PRESTEGJELD**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20
Fax 56 59 39 29
E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:
Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30
onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 95 97 99 05
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20
Mobiltlf 90 19 65 14
E-post: soknepresten@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15
E-post: fkv@broadpark.no

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
Fax 85 02 45 70
E-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Kantorane Olav Arne Steinkopf og
Tone Synnøve Øygard Steinkopf**

Tlf.kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
E-post: steinkopf@c2i.net

**Organist i Eksingedalen og Eidsland
Asbjørn Nese**

Tlf. privat: 56 59 59 26

Telefon til soknerådsleiarar

Stamnes: Odd Helland, 56 59 81 33
Eksingedalen: Britt Nese, 56 59 58 12
Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og
Nesheim: Ragna Lid, 56 59 89 20

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har tieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret
innan 1.juni. Neste nr. kjem i juni.

"Stenograf søker.."

Tidene endrar seg. Berre dei siste ti åra har kyrkja tilpassa seg den nye tida meir enn nokon kunne tru. Kontorarbeidet er eit godt døme på dette. Dei gamle kyrkjebøkene, protokollar på over 4 kilo, vert etter kvart sette bort, og ein går over til registreringar på PC. Kyrkjebøkene er gode å ha når ein skal finne fram til vigsler og konfirmasjonar på 1920-talet, men vil etter kvart verte erstatta med lagring på harddisk og CD. Når me no skal tilsetje ein ny sekretær på kyrkjekontoret kan me ikkje hente fram gamle stillingsintruksar. Nye oppgåver og arbeidsmåtar krev sitt.

Tenesteordninga for prestane er endra, og prestane våre har fått utvida dei geografiske grensene for tenesta si. Hardanger og Voss prosti, strekkjer seg frå Røldal til Eksingedalen. Det er delt inn i tre tenestedistrikt, slik at ein i noko grad avgrensar reisefråstandane for dei tilsette. Sokneprest Frode Kvamsøe har alt halde både dåp, vigsle og gravferd på Voss, og i framtida må prestane rekne med å gjere fleire slike tenester rundt i prostiet.

Kyrkjeverjene i prostiet samarbeider alt om mange oppgåver. Ein prøver å samordne instrukasar, reglement og leigesatsar på tvers av kommunegrensene. Kyrkjeverjene har ulike kunnskapar, og saman sparer ein ressursar på å la kvar gjøre det arbeidet ein er best til. Registrering av tilstanden på kyrkjene pågår, og vedlikehaldet vert systematisert.

Alt i alt er det viktig å tilpasse seg den nye tida, slik at kyrkja framleis kan gje sitt bidrag til lokalsammfunnet.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri AS, Nedre Vik 4,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

På veg

Me er alltid på veg. Me snakkar somme gonge om livsvegen, og han er me på alle saman. Me har kvar vår unike veg, som berre me kan ferdast på. Samstundes går våre vegrar ofte parallelt med andre sine, gjerne så tett at vegane til tider ikkje er mogleg å skilje frå kvarandre.

Me veit som regel korleis vegen bak oss har vore. Mykje har me gløymt, og endå meir har me ikkje ein gong fått med oss. Noko vil me gløyma, det gjeld alle motbakkane, alle nederlaga, alle därlege dagane. Noko vil me hugsa, slik at me kan ta fram minna og glede oss over dei seinare. Mykje har me lært langs vegen – men mykje lærdom har me vel gått glipp av, og? Når det vert snakka om mange års røynsle på det eine eller det andre feltet, tenkjer eg at røynsle ikkje fyrst å frems har med tid og gjere, men med kvalitet. Dersom me ikkje lærer undervegs, får me ikkje røynsle. Dersom meg gjer dei same feila oppatt, år etter år, her me ikkje tileigna oss noko erfaring i det heile.

Me veit ikkje noko om vegen framføre oss. Me kan planlegge og førebu, men veit slett ikkje sikkert kva som vil skje. Me reknar med eit og anna, me trur at så og



så vil skje, men vegen framfor oss er ukjent.

Me er no på veg inn i påska. For oss vert det kan hende som påska brukar å vere, tradisjonar er gode å ha. Kan hende vert det ei heilt anna påske enn tidlegare år, for livsvegen har ført med seg endringar den

siste tida. Gode endringar for somme, därlege for andre.

Jesus var og på veg, ser me når me les om den siste påska hans. Han var på veg til Jerusalem for å feire påske, slik jødane elles gjorde. Men han visste og at det venta han noko særskilt denne påska. Han skulle både hyllast og hetsast, og til slutt drepast. Jesus kunne lagt vegen utanom Jerusalem, og hadde då kome seg unna det vonde som venta. Men han visste at når han var på Guds veg, var han på den rette vegen.

Det gjeld for deg og meg og. Me kan nok helst villa gå vår eigen veg, noko Gud jamvel gjev oss hove til. Men går me på Guds veg for livet vårt, går me på den rette vegen. Ikkje alltid den enklaste vegen, eller den kor me alltid kan sjå langt fram. Men det er den vegen som fører til Livet, og som kjem til ei open himmeldør når me er ved vefs ende.

**Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarta,
prøv meg og kjenn mine tankar!
Sjå om eg er på den vonde vegen,
og lei meg på ævevegen!** (Salme 139, 23-24)

God påske til dykk alle!
Frode Kvamsøe

Tone Synnøve i Eritrea



Tone Synnøve bak kateteret

Bjørgvin bispedøme har ein venskaps-avtale med den evangeliske kyrkja i Eritrea. No i mars er eit team på fire personar ut på venskapsvitjing. Med i dette teamet er kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf, som i barndommen budde nokre år i Afrika.

Teamet skal vitje kyrkja i hovudstaden Asmara, og presteskulen som ligg utanfor byen i landsbyen Belesa. Undervisning på presteskulen, seminar for søndagsskuleleiarar og korving er noko av det som står på programmet under den 13 dagar lange reisa.

AFRIKA SYNG

Songkoret "Kilden" og eit prosjektkor frå Samnanger har i helga to konserter med fokus på Afrikanske songar.

Med på konserten er ekte afrikanarar som t.d. Appia Mkobe frå Toskedalen og kenyanarar frå Samnanger og Bergsdalen. Ragnhild Djuve, som har røynsle frå kyrkjekor i Tanzania, vert òg med. Sjølv om alle tonane er afrikanske, er dei flest av tekstane omsette til nynorsk.

Ansvarleg for prosjektet er kantorane i Vaksdal i samarbeid med kantorane i Samnanger; Anne Lise og Eilert Tøsse.

Konsertane vert :

**fredag 23. mars kl 20.00 i Vaksdal kyrkje
sundag 25. mars kl 19.00 i Haga kyrkje**

GUDSTENESTE FRÅ DALE PÅ RADIO LANGFREDAG

Langfredag vert det radiooverføring av gudstenesta i Dale kyrkje kl. 11.00.

Ein ynskjer at mange må finne vegen til kyrkja og at mange vil lytte ved radioen.

I høve dette vil ein vere godt førebudd. Difor vert det samlingar to onsdagar i kyrkja for å førebu gudstenesta, som til dømes syngje på salmane og gå igjennom praktiske ting.

onsdag 28. mars kl 18.00 – ca 19.30
onsdag 4. april kl 18.00 – ca 19.30

I gudstenesta blir det ikkje brukt orgel til salmane, men det vert spelt eit meditasjonsstykke på orgel:

Jesus accepte la sourrance (Jesus aksepterer lidelsen) frå "La navite du Seigneur".

Salmane i gudstenesta:

- 157 Når krossen underfull eg ser
- 151 Under krossen stod med tåra Jesu mor
- 149 Jesu disipler, la oss sammen minnes
- 951 Litaniet
- 161 Hill deg, Frelser og forsoner

Jesus si lidingssoge, slik ho står i Luk. 22, 39 - 23, 46, vert lese av Kjell Stokke, Eli Kringlebotten og Einar Magne Straume.

Før gudstenesta Langfredag vert det orgelresitasjon frå kl. 10.30, ved kantor Olav Arne Steinkopf.

Møt opp til gudstenesta i god tid før orgelresitasjonen.

Ver med og løft fram kyrkjelyden på Dale til radiolyttarane!



vaksdal kristelege ungdomslag

<http://vaksdalkul.wordpress.com/>

KUL, eller Vaksdal Kristelege Ungdomslag, samlar mange ungdomar i bedehuskjellaren på Vaksdal kvar fredag kveld. Oppleget vekslar mellom Nattcafe og Ungdomsmøte/Celebration, og er ope for ungdom frå og med ungdomsskulealder.



KUL feira 10-årsdag i desember



LYNINTERVJU

med nokre KULarar

- 1 Kvifor går du på KUL?
- 2 Kor ofte er du her?
- 3 Kva synes du er kjekkast på KUL?



**Sara Zuliani og
Elisabeth Tyssebotn**

- 1 Det er gøy.
- 2 Av og til
- 3 Det er mykje som er kjekt



Jennie Grenasberg

- 1 Det er kjekt å møta vener, og så er det interessant det me får høre om
- 2 Kvar fredag
- 3 Kjekkast med nattcafe

**Ronnie Amundsen**

- 1 Det er masse folk her å snakke med
- 2 Som regel kvar fredag
- 3 Snakke med folk

Styret

KUL er organisert med eit styre, og på årsmøtet 9. mars var det val desse vart valt inn i styret:

Margot-Helen Rosvold (leiar, k bildet), Torbjørn Audestad, Daniel Kinsarvik, Håkon R Olsnes (1. vara) og Kjetil Kringlebotten (2. vara). Medlemene vert valt for to år, og Svein Hovlandsdal og Håkon Kinsarvik har eitt år att av sin valperiode.



Påske Leir

Det er påske leir frå 5 til 8 april på Fagertun. Dette er en leir for deg mellom 13-18 år. Leiren kostar kr. 350,-. Som skal dekke utgifter til mat losji. Kva du har påtak med kjem vi tilbake til.

Tema for leiren er fti eller hjertevaske!

Vi håper mange vil være med på leiren. Det går ikkje tusebuss i påsken, så vi treng nokre foreldre som kan kjøre ungdomane opp eller ned frå Fagertun. Vi ønskjer at nokon foreldre kan køyra opp og andre kan hente deltagarane fyrste påskedag.

Meld deg på i dag på tlf 976 44 169
Påmeldingsfrist er 26 mars.



Fasteaksjonen 2007: FORGLEMMEGEI

I år markerer Kirkens Nødhjelp (KN)60-års jubileum! Og Fasteaksjonen er 40 år! I Vaksdal har vi ein lang tradisjon for å gjennomføra Fasteaksjonen lokalt. Den lilla fastebøssa er vel kjend her hjå oss når den årleg er å finna i postkassane i delar av kommunen.

Dei seinare åra er Fasteaksjonen konsentrert om dør - til - dør innsamlinga siste tysdagen før palmesøndag. Her har konfirmantane fått ei aukande rolle, og dei deltek no som ein lekk i konfirmantførebuinga; for å verta involvert i praktisk solidaritetsarbeid og for å oppleva ein praktisk måte å visa nestekjærleik.



I konfirmanstrommet var det Afrika-utstilling, og her vart det servert kaffi på ekte etiopisk vis, av konfirmantane. Frå høgre ser me Frida Waage Amundsen, Monica Stavenes Åsen og Sandra Nielsen Sælensminde.

Solidaritetsgudsteneste med Afrika

I år vart det i fastetida arrangert ei solidaritetsgudsteneste med Afrika i vårt prestegjeld.

Her var føremålet å setja oss sjølve i perspektiv, ved at vi ser oss sjølve, vår kyrkje, vårt samfunn og våre verdiar opp mot slik tilhøva og utfordringane er i Afrika.

Søndag kveld, 11. mars var det difor ein spanande og utfordrande kveld i Vaksdal kyrkje!

All songen var henta frå eller inspirert frå Afrika.

Kordial og Kilden deltok med songar som med rytme og rørsler var fengande, mellom anna med trommer som akkompagnement.

Konfirmantane viste biletet der vi fekk sjå ulikskapen mellom oss og slik mange har det i Afrika.

Edvard Bø si preike handla om den miskunnsame samaritan, der vi vart utfordra til å vurdera oss sjølve i høve

til dei ulike personar i likninga: Er vi som den barmhjertige samaritan som gav hjelp? Er vi som presten og levitten som gjekk forbi? Eller er vi kanskje som røvarane som stal og slo og let den stakkars mannen ligga skamslått att i grøfta?

Gaim Kebreab frå KN (opphaveleg frå Eritrea) peika på kor viktig det er at vi i Noreg bryr oss om dei i Afrika og andre stader som

har det vanskeleg. Ikkje berre at vi gjev pengar, sjølv om det er veldig viktig, men at vi viser solidaritet, og at vi står opp og taler dei svake si sak. - At vi vert kjende med folk, og dei med oss, som medmenneske. Og at vi er gode føredøme som land og folk, noko som gjer at dei som har det vanskeleg no, kan få håp og tru på at dei og kan få i betre framtid ein gong.



Edvard Bø, Gaim Kebreab, Marit Sandal (tidlegare misjonær i Etiopia) og Monika Stavenes Åsen

Kirkens Nødhjelp arbeider no på tre hovudområde:

- Naudhjelp og katastrofehjelp
- Langsiktig hjelp
- Påverknad av dei som tek avgjerder og har stor politisk og økonomisk makt.

I Afrika yter KN no hjelp i 12 land, og budsjettet er stort. Men likevel kan ein berre hjelpe og støtta litt. Difor er det så viktig å påverka dei store; som FN, Verdsbanken og andre, for at deira innsats og deira verkemiddel vert gode, og slik innretta at dei når dei som treng det mest. Og det ein gjer medverkar til det skapast gode samfunn i framtida, bygd på folk sine eigne ressursar og ønskje.

Fasteaksjonen er ei viktig inntektskjelde for Kirkens Nødhjelp. Pengane som kjem inn i aksjonen gjer at mange kan få god hjelp og støtte, men dei gjer også at KN har fridom til å prioritera slik ein meiner det er best.

Tradisjon for god støtte

I Vaksdal har folk gjeve mykje til Fasteaksjonen. Det er mange her som har omsut for andre.

Lat oss også i år gjeva eit godt bidrag, og saman med Kirkens Nødhjelp vera som den miskunnsame samaritan, - overfor dei som treng det mest!

Tekst og foto: Per Nordmark

**Fasteaksjonen har dør-til-dør innsamling
i tettstadane i kommunen
tysdag 27. mars
om ettermiddagen/kvelden**

Hjarteleg takk for gåver til nytt flygel i Dale kyrkje!

I oktober 2006 vart det satt i gang innsamlingsaksjon til nytt flygel i Dale kyrkje. Responsen var gledeleg stor, så stor at ein vågde å bestille instrumentet til konserten med Dale skule den 13. desember. Då vart "Den store Kongen" av Mons Ledvin Takle framført av dei over 100 elevane ved Dale skule. Ei stor oppleving!

Flygelet var også i bruk på jubileumskonserten 16. desember. Den 21. januar hadde ein flygfest, ein konsert med fokus på flygelet. Der medverka elevar frå kulturskulen, songkora Kordial, Kilden og Dale mannskor. I tillegg medverka profesjonelle utøvarar busett i kommunen. På denne konserten klarte ein på det nærmeste å få inn det beløpet som mangla, og det gjekk ikkje mange dagane før ein var i mål og kunne avslutta innsamlinga.

Me veit at mange allereie har hatt gode opplevingar knytt til flygelet, og me er viss på at flygelet vert flittig brukt i åra som kjem, til glede for innbyggjarane i Vaksdal kommune.

Under er nokre bilete frå konsertane, og til høgre nokre klipp frå lokalpressa om flygelet:

Frå Vaksdalposten 21.12.06:



Flygfesten Elev i Kulturskulen; Jakob G. Tollefsen.

Foto Ole Johnny Domben

"Og flygelet vil nok verta til glede for både musikkaktørar og publikum. Med sin klare og runde klang løfta det flotte instrumentet den musikalske opplevinga"

Frå "Hordaland" 23.01.07:

"**STOR FLYGELFEST I KYRKJA.** Det nye flygelet stode i sentrum, då svært mange fann vegen til kyrkja for å vere med på flygfest"

Frå "Vaksdalposten" 25.01.07:

-Ein fekk også høyra unge kulturskuleelevar spela på nyeflygelet, heile ti i talet var med - åtte av desse var faktisk frå Eksingedalen.

Songkora «Kilden», «Kordial» og Dale Mannskor var med og flygelakkompagnementet gav kora ny musikalsk fylde til dei rolege og klassiske bidraga dei tre bidrog med.

NYTT FLYGEL, NY FYLDE: Olav Arne Steinkopf (flygel), Morten Skage (bass), Per Jørgensen (trompet) og Thomas Nøkling (saksofon) gav den lokale kyrkjemusikken ein ny dimensjon denne søndagskvelden.



Jubileumskonserten Synne Laastad Dyvik og Olav Arne Steinkopf.

Foto: Ole Johnny Domben



Flygfesten Songkoret Kilden. Ved flygelet; Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Foto: Ole Johnny Domben



Flygfesten Olav Arne Steinkopf, Per Jørgensen, Morten Skage, Thomas Nøkling. Foto: Ole Johnny Domben

Kyrkjejubileet på Dale



Foto: VP/Esbens Hesjedal

Dale kyrkje sine 50 år vart feire med fleire arrangement i desember. Særleg i veka fram mot jubileumsgudstenesta den 17. desember var programmet tettpakka. Bilete syner mange av elevane ved Dale skule, som framførde kantata Den store kongen.



Foto: Ole Johnny Domben

Torsdagsklubben var med under jubileumsgudstenesta sundagen, slik dei har vore med både i Dale kyrkje og andre kyrkjer ved fleire høve.



*Me takkar våre annonsørar for
støtta til bladet, og ynskjer alle
ein god påske.*



**SÆTERDAL
ELEKTRO AS**
AUTORISERT EL. INSTALLATOR

Me leverer alt innan elektrikar-
tenester, også varmepumper.
Telefon: 56 59 43 00

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud
NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distrikte
Skrifttilføyelser – Oppussing
Harald Jordal
Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 01



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

PENSJONSSPARING OG FORSIKRING

Ta kontakt med oss lokalt!



DALE MATSENTER

Pb. 163, 5701 Voss
tlf. 56 59 62 23
faks. 56 59 67 61


Dei smarte sparar tid & peng.



Har du bruk for elektrikar?
Vi yter god og rask service innan følgjande fagområder :

- Elektro sterkstraum
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll
- Alarmanlegg
- Brannvarsling

Kontakt vår mann i Vaksdal: **Robert Lie, Tlf 907 25 800**
Eller Hovedkontoret på Voss : **56 52 36 66**



**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66
Einar Mjelde, tlf. 56 59 74 43 (priv.)

Håkon inn i Ungdomsrådet

Håkon Kinsarvik er valt inn i Bjørgvin bispedøme sitt ungdomsråd for perioden 2007-2009.

Han er frå Vaksdal, er 17 år gammal, går på Arna Gymnas, og er med i styret for KUL.

Saman med Margot-Helen Rosvold, nyvalt leiar for KUL, var han på bispedømet sitt Ungdomsting på Dyrkolbotn Fjellstove i helga.



Tema for Ungdomstinget var "Kristen i verda", og dei to representantane vår fekk med seg både foredrag og seminar om misjon medan dei var der.

- Deltakinga på Ungdomstinget har gjeve meg nye tankar rundt kyrkja som organ i det norske samfunnet, seier Håkon etter heimkomsten.



Bergens Søndagsskolekrets

Olav Bjordalsvei 43 - 5111 Breistein Tlf. 55 53 01 21

SOMMERLEIR PÅ WALLEMONTUNET

Vet du hva du skal gjøre i sommer? Ikke det, nei. Men da kan du begynne å planlegge allerede nå. Herved er du invitert til årets sommerleirer på Wallemontunet. Disse leirene er svært populære, og mange kommer tilbake år etter år. Vi samler barn mellom 7 og 15 år fra hele fylket til mye lek og moro. Fjellturer, fotball, sporløp og spennende kubbespillkamper er bare noen av aktivitetene.

Å reise på leir er spennende. Man treffer gamle og nye venner, finner på mye moro sammen, og opplever mye sosialt og åndelig gjennom ulik samvær og bibeltimer.

Vi vet at sommerleirene på Wallemontunet for mange er et av årets store høydepunkter. Leirstedet vårt ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

Vi er i gang med planleggingen av en ny leirsong, som så smått begynner å nærme seg. I år blir det lagt opp til tre leirer. Tidspunktet for disse blir:

- | | | |
|----------------|-----------------------|-----------------|
| Leir 1: | 22.-26. juni, | 12-15 år |
| Leir 2: | 26. -29.juni, | 9-12 år |
| Leir 3: | 29.juni-1.juli | 7-10 år |

Det kan være lurt å melde seg på tidlig, for det kan bli stor pågang. Ta kontakt med Bergens Søndagsskolekrets på tlf. 55530120, eller send en e-post til kretskontoret@bssk.no. Så sees vi i sommer?

Slekters gang

DØYPTE

DALE

04.03 Ingrid Faugstad Hesjedal

STAMNES

26.12 Daniel Straume

14.01 Jenny Solhaug

NESHEIM

24.12 Thomas Hafstad Brønstad

VIGDE

DALE

09.12 Linn Stien og
Johnny Bruvik

VAKSDAL

29.12 Gunnvald Kleveland og
Volha Dziamidchyk

AVLIDNE

DALE

28.11 Guri Boge, f. 1921
02.12 Jan Severin Johansen, f.1937
21.12 Kåre K. Meland, f. 1930
24.12 Grethe Fotland, f.1929
27.12 Knut Lange, f. 1926
28.12 Åge Eliassen, f. 1933
29.12 Ingrid Endestad, f.1927
10.02 Egil Soltvedt, f.1942
15.02 Ingvald Sæterbø, f.1926

STAMNES

10.01 Sigurd Straume, f. 1922
15.01 Borghild Straume, f. 1913
23.01 Marta Nilsina Trohjell, f. 1908
25.02 Gunnar Hagen, f.1922

AFRIKA SYNG

Vaksdal kyrkje fredag
23.mars kl.20.00

Haga kyrkje søndag
25.mars kl.19.00

Songkoret "Kilden" og prosjektkor
frå Samnanger, afrikanarar frå
Toskedalen, Samnanger og
Bergsdalen.

SONGSTUND I EKSINGEDEALEN KYRKJE

Søndag 25.mars kl.15.00

**Me syng salmar og les tekstar
som høver til Maria Bodskapsdag.**

Medverkande:

Korgruppe frå Modalen

Ann Jorunn Farestveit, solosong

Asbjørn Nese, orgel

ALLE ER VELKOMNE!

**Arrangør: Eksingedalen sokneråd
og organisten**

Årsmøte for Vaksdal sokn 25.mars

Det blir årsmøte for Vaksdal sokn etter gudstenesta sundag 25.mars kl.11.00 i Vaksdal kyrkje. Det blir vanlege årsmøtesaker, kyrkjekaffi og litt samtale m.a. om Vaksdal kyrkje sitt 75-årsjubileum i 2008.

Vaksdal kyrkjelydsutval

VELKOMEN TIL KYRKJA

VAKSDAL KYRKJE

- 25.mars kl.11.** Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeid.
Årsmøte.
- 5.april kl.10.30** Orgelresitasjon
- 5.april kl.11.00** Nattverdsgudsteneste.
Bø. Offer til Det Norske misjonsselskap.
- 8.april – 1.Påskedag Sjå Stamnes kyrkje!**
- 15.april kl.18.** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til KIA – Kristent Interkulturelt Arbeid
- 1.mai kl.9.30** Høgmesse. Bø. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.
- 6.mai kl.11.** Konfirmasjonsgudsteneste.
Bø. Offer til kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid.
- 17.mai kl.10.** Høgmesse. Offer til Redd Barna.
- 27.mai kl.11.** Felles høgtidsguds-teneste. Bø. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.
- 12.juni kl.12.** Fitjavasstemna. Kvamsøe.
- 24.juni kl.11.** Høgmesse. Bø. Nattverd.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

DALE KYRKJE

- 1.april kl.11.** Høgmesse. Bø. Offer til KRIK – Kristen Idrettskontakt.
- 6.april kl.11.** Pasjonsgudsteneste. Bø.
(Gudstenesta vert overført i radio)
- 8.april – 1.Påskedag Sjå Stamnes kyrkje!**
- 22.april kl.18.** Ung Messe med konfirmantane. Bø og Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.
- 1.mai kl.11.** Høgmesse. Bø. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.
- 6.mai kl.11.** Konfirmasjonsgudsteneste.
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeid.
- 17.mai kl.10.30** Høgmesse. Offer til Kirkens SOS, Bjørgvin
- 27.mai -1.pinsedag. Sjå Vaksdal krk**
- 3.juni – Sjå Stanghelle bedehus!**
- 17.juni – kl.18.** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Norsk Gideon.

STANGHELLE BEDEHUS

- 3.juni kl.16.** Familiegudsteneste. Kvamsøe.
Offer til Bergen Søndagsskolekrets.

EKSINGEDELEN KYRKJE

- 25.mars kl.15.** Songstund.
- 6.april – Langfredag kl.11.** Pasjons-gudsteneste. Kvamsøe.Nattverd. Offer til Tibetmisjonen.
- 20.mai kl.15.** Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Offer til konfirmantarbeid.
- 10.juni kl.11.** Høgmesse. Bø. Nattverd.
Offer til kyrkjemusikalsk arbeid.

STAMNES KYRKJE

- 6.april – Langfredag kl.19.30**
Orgelresitasjon.
- 6.april kl.20.** Pasjonsgudsteneste.
Kvamsøe.
- 8.april – 1.påskedag kl.11.** Felles høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Offer til Det Norske Misjonsselskap.
- 29.april kl.20.** Høgmesse. Bø. Nattverd.
Offer til Kirkens Bymisjon.
- 13.mai kl.11.**
Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til konfirmantarbeid.
- 17.mai kl.12.30** Familiegudsteneste.
Offer til kyrkjelydsarbeid.
- 27.mai Sjå Vaksdal kyrkje!**
- 3.juni kl.11.** Vassbakkenstemna.
Kvamsøe.
- 24.juni kl 20.** Høgmesse. Bø.Nattverd
Offer til Sjømannskirken.

EIDSLAND KAPELL

- 5.april – Skjærtorsdag kl.19.30**
Orgelresitasjon.
- 5.april kl.20.** Nattverdsgudsteneste. Bø.
Offer til Det Norske Misjonsselskap.
- 29.april kl.11.** Konfirmasjonsguds-teneste. Bø. Offer til konfirmantarbeid.
- 17.mai kl.12.30** Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeid.
- 17.juni kl.11.** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Sjømannskyrkja.

BERGSDALEN KYRKJE

- 1.april – Palmesøndag kl.12.30**
Bergsøyane, Sportsandakt. Bø.
- 8.april – 1.påskedag kl.20.** Høgtids-gudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.
- 20.mai kl.11.** Konfirmasjonsgudsteneste.
Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.
- 27.mai - 1.pinsedag kl.20.** Høgtids-gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Gideon.

NESHEIM KYRKJE

- 1.april – Palmesøndag kl.11.** Familie-gudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av Ny-testamente. Offer til Kirkens Nødhjelp.
- 8.april – 1.påskedag kl.11.**
Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.
- 13.mai kl.15.** Familiegudsteneste. Bø.
Offer til Bergen Søndagsskolekrets.
- 27.mai kl.11.** Konfirmasjonsguds-teneste. Kvamsøe. Offer til Misjons-prosjektet Tibetmisjonen.

VAKSDAL**KYRKJEBLAD****PRESTEGJELD**

-Og sist, men ikkje minst....

Stanghelle gravplass ferdig til 1.mai

Etter å ha lagt om på framdriftsplanen ser det ut til at gravplassen vert ferdig til 1. mai. Til den tid skal det plantast eføy, iris, blodbøk, rogn, gullregn, bøkhekk, rododendron, villvin, hortensia, humle, stormarikåpe, sibir-iris, og krokus. Dei fyriste sesongane må me nok rekne med at det ser litt tynt ut i bed og hekkar, men etter kvart skal Stanghelle bygda få eit flott gravplassanlegg, håper me. Me arbeider trass alt i eit evigheitsperspektiv...

Ny sekretær på kyrkjekontoret.

Seks personar har søkt stillinga som sekretær ved kyrkjekontoret. Aktuelle søkerarar vert kalla inn til intervju etter påske, og tilsettjing skal skje innan 1.mai. Vår noverande sekretær Reidun Takvam sluttar i stillinga til sommaren.

Vårstell på gravplassane våre

Nyttar du påskeveka til å rydde på gravene? Ofte opplever me at avfallsbehaldarane vert fulle dei siste helgedagane i påska. Difor vil eg oppmøde alle som elles har tenkt seg på grava, til å rydde og stelle før palmesundag. Då vil me kunne rekkje å töme avfallet før høgtida set inn.

Stamnes kyrkje skal målast i vår

Det siste året har me flikka måling og skifta ut rotne bord og vindaugear på sakristiet til Stamnes kyrkje. Noko av kyrkeveggane er og ferdige slik at dei kan grunnast. Sist kyrkja var målt, i 1995, vart det nytta måling med høgt innhald av linolje. Dette gjer oss ei utfordring i høve til overmålinga. Og me ynskjer oss godt, tørt ver for å få best mogleg resultat. Me vil kome tilbake med invitasjon til dugnad, for me ser oss nøydde til å få hjelp til arbeidet. Det vert teke sikte på å måle heile kyrkja før konfirmasjons-sundagen på Stamnes.

